

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 932/2012**2017/EØS/51/57**

av 3. oktober 2012

om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av hushaldstørketromlar(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF av 21. oktober 2009 om fastsettelse av en ramme for å fastsette krav til miljøvennlig utforming av energirelaterte produkter⁽¹⁾, særleg artikkel 15 nr. 1,

etter samråd med samrådsforumet for miljøvenleg utforming og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av direktiv 2009/125/EF skal Kommisjonen fastsetje krav til miljøvenleg utforming av energirelaterte produkt som representerer omfattande sals- og handelsvolum, som har vesentlege miljøverknader, og som har eit stort potensial for betring med omsyn til miljøverknaden til produkta, utan at det medfører urimeleg høge kostnader.
- 2) I artikkel 16 nr. 2 bokstav a) i direktiv 2009/125/EF er det fastsett at Kommisjonen eventuelt skal innføre gjennomføringstiltak for hushaldsapparat, medrekna hushaldstørketromlar.
- 3) Kommisjonen har gjennomført ei førebuande gransking med analyse av dei tekniske, miljømessige og økonomiske aspekta ved hushaldstørketromlar som vanlegvis vert nytta i hushald. Granskinga er utarbeidd i samarbeid med interessentar og partar som det gjeld, frå Unionen og tredjestatar, og resultatane er gjorde offentleg tilgjengelege.
- 4) Denne forordninga bør omfatte produkt som er utforma for tørking av tekstilar i hushald.
- 5) Kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar har særlege kjenneteikn og bør difor ikkje omfattast av verkeområdet for denne forordninga.

- 6) Det miljømessige aspektet ved hushaldstørketromlar, som vert rekna som vesentleg for føremåla med denne forordninga, er energiforbruket i bruksfasen. Det årlege elektrisitetsforbruket i Den europeiske Unionen for hushaldstørketromlar vart i 2005 vurdert til 21 TWh. Dersom det ikkje vert sett i verk særlege tiltak, er det årlege elektrisitetsforbruket venta å stige til 31 TWh i 2020. Den førebuande granskinga viser at energiforbruket til dei produkta som er omfatta av denne forordninga, kan reduserast monaleg.
- 7) Den førebuande granskinga viser at krava med omsyn til dei andre parametrane for miljøvenleg utforming som er nemnde i del 1 i vedlegg I til direktiv 2009/125/EF, ikkje er naudsynte, ettersom det er energiforbruket til hushaldstørketromlar i bruksfasen som er det viktigaste miljøaspektet. I samsvar med artikkel 6 nr. 2 i direktiv 2009/125/EF skal medlemsstatane verken forby, avgrense eller hindre at hushaldstørketromlar vert bringa i omsetning og/eller tekne i bruk på territoriet deira som følgje av krav til miljøvenleg utforming som er knytte til dei parametrane for miljøvenleg utforming som er nemnde i del 1 i vedlegg I til det nemnde direktivet, der det i denne forordninga er fastsett at det ikkje er naudsynt med krav til miljøvenleg utforming.
- 8) Energiforbruket til hushaldstørketromlar bør gjerast meir effektivt gjennom bruk av eksisterande allment tilgjengeleg og kostnadseffektiv teknologi som kan redusere dei samla utgiftene til kjøp og drift av desse produkta.
- 9) Krava til miljøvenleg utforming bør ikkje ha negativ innverknad på funksjonaliteten til produkta sett frå sluttbrukaren si side, og heller ikkje på helse, tryggleik eller miljø. Særleg bør føremonene ved å redusere energiforbruket i bruksfasen meir enn vege opp for eventuelle ytterlegare miljøverknader i produksjons- og disponeringsfasen.
- 10) Krava til miljøvenleg utforming bør innførast gradvis, slik at produsentane får nok tid til eventuelt å kunne endre utforminga av dei produkta som er omfatta av denne forordninga. Innføringa av krava bør planleggjast

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 278 av 12.10.2012, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 78/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 41.

⁽¹⁾ TEU L 285 av 31.10.2009, s. 10.

på ein slik måte at funksjonaliteten til det utstyret som finst på marknaden, ikkje vert påverka negativt, og det bør takast omsyn til kostnadene for sluttbrukarar og produsentar, særleg små og mellomstore føretak, samstundes som det vert sikra at måla for denne forordninga kan nåast til rett tid.

- 11) Målingar av dei aktuelle produktparametrane bør utførast ved hjelp av pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som byggjer på dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna eventuelle harmoniserte standardar vedtekne av dei europeiske standardiseringsorgana som er nemnde i vedlegg I til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF av 22. juni 1998 om ein informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter samt regler for informasjonssamfunnstjenester⁽¹⁾.
- 12) I samsvar med artikkel 8 i direktiv 2009/125/EF bør det i denne forordninga opplysast om gjeldande framgangsmåtar for samsvarsvurdering.
- 13) For å leggje til rette for samsvarskontrollar bør produsentane leggje fram opplysningar i den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i vedlegg V og VI til direktiv 2009/125/EF, i den grad desse opplysningane er relevante for dei krava som er fastsette i denne forordninga.
- 14) I tillegg til dei rettsleg bindande krava som er fastsette i denne forordninga, bør rettleiande referanseverdiar for beste tilgjengelege teknologi identifiserast for å sikre brei og enkel tilgang til opplysningar om miljøprestasjonen gjennom heile livssyklusen til dei produkta som er omfatta av denne forordninga.
- 15) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 19 nr. 1 i direktiv 2009/125/EF —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. Ved denne forordninga vert det innført krav til miljøvenleg utforming for omsetning av nettdrivne og gassfyrte hushaldstørketromlar og innbygde hushaldstørketromlar, medrekna slike som vert selde til annan bruk enn hushaldsbruk.
2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar og hushaldssentrifugar.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2009/125/EF, nyttast. Vidare tyder:

- 1) «hushaldstørketrommel» eit apparat der tekstilar vert tørka i ein roterande trommel ved gjennomstrøyming av varm luft, og som er utforma hovudsakleg for heimebruk,
- 2) «innbygd hushaldstørketrommel» ein hushaldstørketrommel som er meint for installasjon i eit innbyggingssskap eller i ei eiga nisje i ein vegg eller liknande som er meint for dette føremålet, og som krev montering av frontpanel,
- 3) «kombinert hushaldsvaskemaskin/-tørketrommel» ei hushaldsvaskemaskin som omfattar både ein sentrifugeringsfunksjon og ein funksjon for tørking av tekstilar, vanlegvis ved oppvarming og rotering i trommel,
- 4) «hushaldssentrifuge», òg kalla «sentrifuge», eit apparat som fjernar vatn frå tekstilar ved sentrifugering i ein roterande trommel ved at vatnet vert avleidd ved hjelp av ei automatisk pumpe, og som er utforma hovudsakleg for heimebruk,
- 5) «tørketrommel med avtrekk» ein tørketrommel som syg inn friskluft, blæs lufta over tekstilane og slepper den fuktige lufta som vert danna, inn i eller ut av rommet,
- 6) «tørketrommel med kondensering» tørketrommel som omfattar ei innretning som (anten ved kondensering eller på annan måte) fjernar fukt frå den lufta som vert nytta i tørkeprosessen,
- 7) «automatisk tørketrommel» ein tørketrommel som avbryt tørkeprosessen når eit visst fuktinnhald vert påvist i tøyet, til dømes gjennom konduktivitets- eller temperaturmåling,
- 8) «ikkje-automatisk tørketrommel» ein tørketrommel som slår av tørkeprosessen etter eit førehandsdefinert tidsrom, vanlegvis ved hjelp av ein tidsbrytar, men som òg kan slåast av manuelt,
- 9) «program» ein serie funksjonar som er førehandsdefinerte, og som produsenten reknar som eigna til tørking av visse typar tekstilar,
- 10) «syklus» heile tørkeprosessen, slik det er definert for det valde programmet,
- 11) «programtid» den tida programmet tek frå det vert starta til det er fullført, bortsett frå eventuell brukarprogrammert utsett start,
- 12) «nominell kapasitet» den største mengda i kilogram, i intervall på 0,5 kg tørre tekstilar av ein viss type som, etter opplysningar frå produsenten, kan tørkast i ein hushaldstørketrommel med eit valt program når tørketrommelen er fylt i samsvar med bruksrettleiinga frå produsenten,

⁽¹⁾ TEF L 204 av 21.7.1998, s. 37.

- 13) «halv maskin» halvparten av den nominelle kapasiteten til ein hushaldstørketrommel ved bruk av eit visst program,
- 14) «kondenseringseffektivitet» høvet mellom massen av fukt som vert kondensert i ein tørketrommel med kondensering, og massen av fukt som vert fjerna frå tøyet ved slutten av ein syklus,
- 15) «avslått tilstand» ein tilstand der hushaldstørketrommelen er slått av ved hjelp av knappar eller brytarar som er tilgjengelege på apparatet og meinte for sluttbrukaren ved normal bruk, for å oppnå det lågaste effektforbruket, og som kan vare i eit ikkje fastsett tidsrom medan hushaldstørketrommelen er kopla til ei energikjelde og vert nytta i samsvar med bruksrettleiinga frå produsenten; dersom det ikkje finst slike brytarar eller knappar tilgjengelege for sluttbrukaren, tyder «avslått tilstand» den tilstanden som tek til når hushaldstørketrommelen av seg sjølv går tilbake til det effektforbruket som gjeld når han ikkje er i bruk,
- 16) «ikkje-avslått tilstand» ein tilstand med det lågaste effektforbruket som kan haldast uendra i eit ikkje nærmare fastsett tidsrom etter at programmet er fullført, utan at sluttbrukaren har gjort noko anna enn å tømme hushaldstørketrommelen,
- 17) «tilsvarande hushaldstørketrommel» ein hushaldstørketrommelmodell som er bringa i omsetning med same nominelle kapasitet, tekniske eigenskapar og yting, energiforbruk, kondenseringseffektivitet der dette er relevant, programtid for standardprogrammet for bomull og utslepp av luftboren akustisk støy som ein annan hushaldstørketrommelmodell som den same produsenten har bringa i omsetning med ein annan handelskode,
- 18) «standardprogram for bomull» ein syklus som tørkar bomullstøy med eit opphavleg fuktinnhald på 60 % opp til eit restfuktinnhald på 0 %.

Artikkel 3

Krav til miljøvenleg utforming

Dei allmenne krava til miljøvenleg utforming for hushaldstørketromlar er fastsette i del I i vedlegg I. Dei særlege krava til miljøvenleg utforming for hushaldstørketromlar er fastsette i del 2 i vedlegg I.

Det er ikkje naudsynt med krav til miljøvenleg utforming med omsyn til dei andre parametranne for miljøvenleg utforming som er nemnde i del I i vedlegg I til direktiv 2009/125/EF.

Artikkel 4

Samsvarsvurdering

1. Framgangsmåten for samsvarsvurdering som er nemnd i artikkel 8 i direktiv 2009/125/EF, skal vere det systemet for intern kontroll av utforming som er fastsett i vedlegg IV til det nemnde direktivet, eller den styringsordninga som er fastsett i vedlegg V til det nemnde direktivet.

2. Når det gjeld samsvarsvurdering i medhald av artikkel 8 i direktiv 2009/125/EF, skal den tekniske dokumentasjonen innehalde ein kopi av dei utrekningane som er fastsette i vedlegg II til denne forordninga.

Dersom dei opplysningane som er tekne med i den tekniske dokumentasjonen for ein viss hushaldstørketrommelmodell, er eit resultat av utrekningar på grunnlag av utforming eller ved ekstrapolering frå andre tilsvarende hushaldstørketromlar, eller begge delar, skal den tekniske dokumentasjonen omfatte opplysningar om slike utrekningar eller ekstrapoleringar, eller begge delar, og om prøvingar som produsentane har utført for å kontrollere at dei utrekningane som er gjorde, er nøyaktige. Disse opplysningane skal òg omfatte ei liste over alle tilsvarende hushaldstørketrommelmodellar der dei opplysningane som er tekne med i den tekniske dokumentasjonen, er innhenta på det same grunnlaget.

Artikkel 5

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

Når medlemsstatane utfører marknadstilsynskontroll slik det er nemnt i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 2009/125/EF for å kontrollere at dei krava som er fastsette i vedlegg I til denne forordninga, er oppfylte, skal dei nytte den framgangsmåten for verifisering som det er gjort greie for i vedlegg III til denne forordninga.

Artikkel 6

Standardverdiar for referansemåling

Dei rettleiande referanseverdiane for dei miljømessig beste hushaldstørketromlane som er tilgjengelege på marknaden når denne forordninga tek til å gjelde, er fastsette i vedlegg IV.

Artikkel 7

Revisjon

Kommisjonen skal vurdere denne forordninga på nytt i lys av den teknologiske utviklinga seinast fem år etter at ho tek til å gjelde, og leggje fram resultatet av vurderinga for samrådsforumet for miljøvenleg utforming. Vurderinga skal særleg omfatte dei verifiseringstoleransane som er fastsette i vedlegg III, og effektiviteten til apparat med avtrekk.

Artikkel 8

Iverksetjing og bruk

1. Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

2. Ho skal nyttast frå 1. november 2013.

Likevel gjeld følgjande:

- a) Dei allmenne krava til miljøvenleg utforming som er fastsette i nr. 1.1 og 1.2 i vedlegg I, skal nyttast frå 1. november 2014.
- b) Dei særlege krava til miljøvenleg utforming som er fastsette i nr. 2.2 i vedlegg I, skal nyttast frå 1. november 2015.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 3. oktober 2012.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG I

Krav til miljøvenleg utforming

1. Allmenne krav til miljøvenleg utforming

1.1. Ved utrekninga av energiforbruket og andre parametarar for hushaldstørketromlar skal syklusen for tørking av bomullstøy (med eit opphavleg fuktinnhald på 60 %) opptil eit restfuktinnhald på 0 % (heretter kalla «standardprogram for bomull»), nyttast. Denne syklusen skal vere klart atkjeleg på innretninga for programval på hushaldstørketrommelen eller eventuelt i skjermvindaugget på hushaldstørketrommelen, eller begge delar, og skal kallast «standardprogram for bomull» eller visast med eit einsarta symbol eller ein eigna kombinasjon av desse, og vere innstilt som standardsyklus for hushaldstørketromlar som har automatisk programval eller ein annan funksjon som gjer det mogleg automatisk å velje tørkeprogram eller halde ved lag eit programval. Dersom tørketrommelen er ein automatisk tørketrommel, skal «standardprogram for bomull» veljast automatisk.

1.2. Bruksretteleinga frå produsenten skal innehalde følgjande:

- a) opplysningar om «standardprogrammet for bomull», at dette programmet høver til tørking av normalt vått bomullstøy, og at dette er det mest effektive programmet når det gjeld energiforbruk for tørking av vått bomullstøy,
- b) effektforbruket i avslått tilstand og ikkje-avslått tilstand,
- c) rettleiande opplysningar om programtid og energiforbruk for dei vanlegaste tørkeprogramma ved både full og eventuelt halv maskin.

2. Særlege krav til miljøvenleg utforming

Hushaldstørketromlar skal oppfylle følgjande krav:

2.1. Frå 1. november 2013:

- Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) skal vere på under 85.
- Den vegne kondenseringseffektiviteten for hushaldstørketromlar med kondensering skal ikkje vere under 60 %.

2.2. Frå 1. november 2015:

- Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) skal vere på under 76 for hushaldstørketromlar med kondensering.
- Den vegne kondenseringseffektiviteten for hushaldstørketromlar med kondensering skal ikkje vere lågare enn 70 %.

Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) og den vegne kondenseringseffektiviteten vert rekna ut i samsvar med vedlegg II.

VEDLEGG II

Metode for utrekning av energieffektivitetsindeks og vegne kondenseringseffektivitet

1. UTREKNING AV ENERGIEFFEKTIVITETSINDEKS

Ved utrekninga av energieffektivitetsindeksen (E_{EI}) for ein hushaldstørketrommelmodell vert det vegne årlege energiforbruket til ein hushaldstørketrommel ved bruk av standardprogrammet for bomull med full og halv maskin, jamført med det årlege standardenergiforbruket til trommelen.

- a) Energieffektivitetsindeksen (E_{EI}) vert utrekna på følgjande måte og avrunda til éin desimal:

$$E_{EI} = \frac{AE_C}{SAE_C} \times 100$$

der:

- AE_C = det vegne årlege energiforbruket for hushaldstørketrommelen
- SAE_C = det årlege standardenergiforbruket for hushaldstørketrommelen

- b) Det årlege standardenergiforbruket (SAE_C) vert utrekna i kWh/år på følgjande måte og avrunda til to desimalar:

- for alle hushaldstørketromlar utan avtrekk:

$$SAE_C = 140 \times c^{0,8}$$

- for hushaldstørketromlar med avtrekk:

$$SAE_C = 140 \times c^{0,8} - \left(30 \times \frac{T_t}{60} \right)$$

der:

- c er den nominelle kapasiteten til hushaldstørketrommelen ved bruk av standardprogrammet for bomull
- T_t er den vegne programtida for standardprogrammet for bomull

- c) Det vegne årlege energiforbruket (AE_C) vert utrekna i kWh/år på følgjande måte og avrunda til to desimalar:

- i)

$$AE_C = E_t \times 160 + \frac{\left[P_o \times \frac{525\,600 - (T_t \times 160)}{2} + P_l \times \frac{525\,600 - (T_t \times 160)}{2} \right]}{60 \times 1\,000}$$

der:

- E_t = det vegne energiforbruket, i kWh og avrunda til to desimalar
- P_o = effekten i «avslått tilstand» for standardprogrammet for bomull med full maskin, i W og avrunda til to desimalar
- P_l = effekten i «ikkje-avslått tilstand» for standardprogrammet for bomull med full maskin, i W og avrunda til to desimalar
- T_t = den vegne programtida, i minuttar og avrunda til nærmaste minutt
- 160 = det samla talet på tørkesyklusar per år

- ii) Dersom hushaldstørketrommelen er utstyrt med eit straumsparingssystem som gjer at tørketrommelen automatisk går tilbake til «avslått tilstand» etter at programmet er avslutta, vert det vegne årlege energiforbruket (AE_C) utrekna slik at det vert teke omsyn til den effektive tidslengda for den «ikkje-avslåtte tilstanden», i samsvar med følgjande formel:

$$AE_C = E_i \times 160 + \frac{\{(P_1 \times T_1 \times 160) + P_e \times [525600 - (T_1 \times 160) - (T_1 \times 160)]\}}{60 \times 1000}$$

der:

- T_1 = tidslengda for «ikkje-avslått tilstand» for standardprogrammet for bomull med full maskin, i minuttar og avrunda til nærmaste minutt

- d) Den vegne programtida (T) for standardprogrammet for bomull vert utrekna i minuttar på følgjande måte og avrunda til nærmaste minutt:

$$T_t = (3 \times T_{dry} + 4 \times T_{dry/2})/7$$

der:

- T_{dry} = programtida for standardprogrammet for bomull med full maskin, i minuttar og avrunda til nærmaste minutt
- $T_{dry/2}$ = programtida for standardprogrammet for bomull med halv maskin, i minuttar og avrunda til nærmaste minutt

- e) Det vegne energiforbruket (E_t) vert utrekna i kWh på følgjande måte og avrunda til to desimalar:

$$E_t = (3 \times E_{dry} + 4 \times E_{dry/2})/7$$

der:

- E_{dry} = energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull med full maskin, i kWh og avrunda til to desimalar
- $E_{dry/2}$ = energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull med halv maskin, i kWh og avrunda til to desimalar

- f) For gassfyrte hushaldstørketromlar vert energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull med full og halv maskin utrekna i kWh og avrunda til to desimalar, på følgjande måte:

$$E_{dry} = \frac{E_{g_{dry}}}{f_g} + E_{g_{dry,a}}$$

$$E_{dry/2} = \frac{E_{g_{dry/2}}}{f_g} + E_{g_{dry/2,a}}$$

der:

- $E_{g_{dry}}$ = gassforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull med full maskin, i kWh og avrunda til to desimalar
- $E_{g_{dry/2}}$ = gassforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull med halv maskin, i kWh og avrunda til to desimalar
- $E_{g_{dry,a}}$ = forbruket av tilleggselektrisitet ved bruk av standardprogrammet for bomull med full maskin, i kWh og avrunda til to desimalar
- $E_{g_{dry/2,a}}$ = forbruket av tilleggselektrisitet ved bruk av standardprogrammet for bomull med halv maskin, i kWh og avrunda til to desimalar
- $f_g = 2,5$.

2. UTREKNING AV VEGEN KONDENSERINGSEFFEKTIVITET

Kondenseringseffektiviteten til eit program er høvet mellom massen av fukt som vert kondensert og oppsamla i ein behaldar i ein hushaldstørketrommel med kondensering, og massen av fukt som vert fjerna frå tøyet ved bruk av programmet, der sistnemnde er skilnaden mellom massen av det våte tøyet ved prøving før tørking, og massen av tøyet ved prøving etter tørking. Ved utrekninga av den vegne kondenseringseffektiviteten vert det teke omsyn til den gjennomsnittlege kondenseringseffektiviteten ved bruk av standardprogrammet for bomull både med full og halv maskin.

Den vegne kondenseringseffektiviteten (C_i) til eit program vert utrekna i prosent og avrunda til nærmaste heile prosent på følgjande måte:

$$C_i = (3 \times C_{dry} + 4 \times C_{dry/2})/7$$

der:

- C_{dry} = den gjennomsnittlege kondenseringseffektiviteten ved bruk av standardprogrammet for bomull med full maskin
- $C_{dry/2}$ = den gjennomsnittlege kondenseringseffektiviteten ved bruk av standardprogrammet for bomull med halv maskin

Den gjennomsnittlege kondenseringseffektiviteten C vert utrekna ved hjelp av kondenseringseffektivitetsverdiane frå prøvingar, og uttrykt i prosent:

$$C = \frac{1}{(n-1)} \sum_{j=2}^n \left(\frac{W_{wj}}{W_i - W_f} \times 100 \right)$$

der:

- n er talet på prøvingar, som omfattar minst fire gyldige prøvingar av det valde programmet
 - j er nummeret på prøvinga
 - W_{wj} er massen av vatn som vert samla i kondensbeholdaren under prøving j
 - W_i er massen av det våte tøyet ved prøving før tørking
 - W_f er massen av tøyet ved prøving etter tørking
-

VEDLEGG III

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

Når det gjeld samsvar og kontroll med at krava i denne forordninga er oppfylte, skal det gjerast målingar og utrekningar ved hjelp av harmoniserte standardar der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*, eller andre pålitelege, nøyaktige og reproduserbare metodar som byggjer på dei nyaste allment sannkjende metodane, og som vert rekna for å gje svært sikre resultat.

For å kontrollere at dei krava som er fastsette i vedlegg I, er oppfylte, skal styresmaktene i medlemsstatane utføre prøving av éin hushaldstørketrommel. Dersom dei målte parametrane ikkje er i samsvar med verdiane i den tekniske dokumentasjonen som produsenten har opplyst om i medhald av artikkel 4 nr. 2, innanfor dei områda som er fastsette i tabell 1, skal målingane utførast på ytterlegare tre hushaldstørketromlar. Det aritmetiske gjennomsnittet av dei målte verdiane for desse tre hushaldstørketromlane skal vere i samsvar med krava innanfor dei områda som er fastsette i tabell 1.

I motsatt fall skal denne modellen og alle andre tilsvarende hushaldstørketrommelmodellar reknast for ikkje å oppfylle dei krava som er fastsette i vedlegg I.

Tabell 1

Målt parameter	Verifiseringstoleransar
Vege årleg energiforbruk	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien(*) for AE_C med meir enn 6 %.
Vege energiforbruk	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for E_i med meir enn 6 %.
Vegen kondenseringseffektivitet	Den målte verdien skal ikkje liggje meir enn 6 % under den nominelle verdien for C_i .
Vegen programtid	Den målte verdien skal ikkje overstige dei nominelle verdiane for T_i med meir enn 6 %.
Effektforbruk i avslått tilstand og ikkje-avslått tilstand	Den målte verdien for effektforbruket P_o og P_l på over 1,00 W skal ikkje overstige den nominelle verdien med meir enn 6 %. Den målte verdien for effektforbruket P_o og P_l på 1,00 W eller lågare skal ikkje overstige den nominelle verdien med meir enn 0,10 W.
Tidslengda for den ikkje-avslått tilstanden	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for T_i med meir enn 6 %

(*) «Nominell verdi» er ein verdi som produsenten har opplyst om. Det er knytt ei uvisse på 6 % til målinga, noko som er innanfor den allment akseptable feilmarginen for laboratorieprøving ved måling av dei oppgjevne parametrane, med den nye målemetoden som vert nytta i samband med dei nye krava til merking / miljøvennleg utforming, medrekna syklusar med full og halv maskin.

VEDLEGG IV

Standardverdiar for referansemåling

På tidspunktet då denne forordninga tek til å gjelde er følgjande tilgjengelege teknologi peikt ut som den beste på marknaden for hushaldstørketromlar når det gjeld energiforbruk og utslepp av luftboren akustisk støy under tørking ved bruk av standardprogrammet for bomull:

- 1) Hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 3 kg:
 - a) energiforbruk: 1,89 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 247 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: 69 dB.
- 2) Hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 5 kg:
 - a) energiforbruk: 2,70 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 347 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: ingen opplysningar.
- 3) Gassfyrte hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 5 kg:
 - a) gassenergiforbruk: 3,25 kWh_{Gas}/syklus, som svarar til 1,3 kWh for standardsyklusen for bomull med full maskin, ingen opplysningar om årleg energiforbruk,
 - b) utslepp av luftboren støy: ingen opplysningar.
- 4) Hushaldstørketromlar med kondensering med ein nominell kapasitet på 5 kg:
 - a) energiforbruk: 3,10 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 396 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: ingen opplysningar.
- 5) Hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 6 kg:
 - a) energiforbruk: 3,84 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 487 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: 67 dB.
- 6) Hushaldstørketromlar med kondensering med ein nominell kapasitet på 6 kg:
 - a) energiforbruk: 1,58 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 209 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: ingen opplysningar.
- 7) Hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 7 kg:
 - a) energiforbruk: 3,9 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 495 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: 65 dB.
- 8) Gassfyrte hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 7 kg:
 - a) gassenergiforbruk: 3,4 kWh_{Gas}/syklus, som svarar til 1,36 kWh for standardsyklusen for bomull med full maskin, ingen opplysningar om årleg energiforbruk,
 - b) utslepp av luftboren støy: ingen opplysningar.
- 9) Hushaldstørketromlar med kondensering med ein nominell kapasitet på 7 kg:
 - a) energiforbruk: 1,6 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 211 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: 65 dB.

(*) Utrekna på grunnlag av 160 tørkesyklusar per år med eit energiforbruk ved bruk av standardprogrammet for bomull med halv maskin som svarar til 60 % av energiforbruket ved full maskin, og eit ytterlegare årleg energiforbruk ved tilstandar med lågt effektforbruk på 13,5 kWh

- 10) Hushaldstørketromlar med avtrekk med ein nominell kapasitet på 8 kg:
- a) energiforbruk: 4,1 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 520 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: 65 dB.
- 11) Hushaldstørketromlar med kondensering med ein nominell kapasitet på 8 kg:
- a) energiforbruk: 2,30 kWh/syklus for standardsyklusen for bomull med full maskin, som svarar til ca. 297 kWh/år(*),
 - b) utslepp av luftboren akustisk støy: ingen opplysningar.
-